

Møte torsdag den 16. juni kl. 10

President: J ø r g e n K o s m o

D a g s o r d e n (nr. 98):

1. Innstilling fra Stortingets presidentskap om valg av medlemmer til styret for Domstoladministrasjonen (Innst. S. nr. 253 (2004-2005))
2. Innstilling fra valgkomiteen om valg av medlemmer og varamedlemmer til den forberedende fullmaktskomité (Innst. S. nr. 237 (2004-2005))
3. Innstilling fra kommunalkomiteen om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2006 (kommuneproposisjonen) (Innst. S. nr. 245 (2004-2005), jf. St.prp. nr. 60 (2004-2005))
4. Innstilling fra kommunalkomiteen om regionalpolitikken (Innst. S. nr. 273 (2004-2005), jf. St.meld. nr. 25 (2004-2005))
5. Innstilling fra kommunalkomiteen om samtykke til godtakelse av vedtak om videreutvikling av Schengenregelverket (direktiv 2002/90/EF om definisjon av hjelp til ulovlig innreise, transitt og opphold og rammebeslutning 2002/946/JIS om styrking av de strafferettslige rammer for å hindre hjelp til ulovlig innreise, transitt og opphold) (Innst. S. nr. 256 (2004-2005), jf. St.prp. nr. 62 (2004-2005))
6. Innstilling fra kommunalkomiteen om forslag fra stortingsrepresentantane Rune J. Skjælaaen, Magnhild Meltveit Kleppa og Eli Sollied Øveraa om styrka finansiering av vidaregåande skular (Innst. S. nr. 257 (2004-2005), jf. Dokument nr. 8:58 (2004-2005))
7. Innstilling fra kommunalkomiteen om forslag fra stortingsrepresentantane Heikki Holmås og Karin Andersen om å endre reglene for spesialistkvoten slik at det blir lettere for kvalifisert arbeidskraft å arbeidsinnvandre fra land utenfor EU-området (Innst. S. nr. 258 (2004-2005), jf. Dokument nr. 8:80 (2004-2005))
8. Innstilling fra kommunalkomiteen om forslag fra stortingsrepresentantane Heikki Holmås, Bjørn Jacobsen og Ågot Valle om å utvide flyktningkvoten og øremerke en del for FN-flyktninger med familie i Norge (Innst. S. nr. 259 (2004-2005), jf. Dokument nr. 8:81 (2004-2005))
9. Innstilling fra kommunalkomiteen om forslag fra stortingsrepresentantane Øystein Hedstrøm, Lodve Solholm, Torbjørn Andersen og Per Sandberg om å gjeninnføre kravet om arbeidstillatelse for utenlandske sjøfolk på skip under fremmed flagg i fart med last og passasjerer mellom norske havner (Innst. S. nr. 277 (2004-2005), jf. Dokument nr. 8:89 (2004-2005))
10. Forslag fra stortingsrepresentant Torbjørn Andersen på vegne av Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti oversendt fra Odelstingets møte 9. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 122):
«Stortinget ber Regjeringen utrede og fremme forslag til full avgiftsmessig likebehandling av forvaltningstjenester som boligbyggelagene yter til tilknyttede borettslag og mellom frittstående borettslag og sameier.»
11. Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om vilje til forskning (Innst. S. nr. 232 (2004-2005), jf. St.meld. nr. 20 (2004-2005))
12. Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Kristin Halvorsen, Rolf Reikvam og Lena Jensen om innføring av gratis skolemåltid i grunnskolen (Innst. S. nr. 278 (2004-2005), jf. Dokument nr. 8:95 (2004-2005))
13. Forslag fra stortingsrepresentant Arne Sortevik på vegne av Fremskrittspartiet og representanten Simonsen oversendt fra Odelstingets møte 4. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 105):
«Stortinget ber Regjeringen legge frem sak om fritt nasjonalt skolevalg innenfor videregående opplæring, inklusiv landslinjer og landsdekkende tilbud basert på statlig stykkprisfinansiering.»
14. Forslag fra stortingsrepresentant Arne Sortevik på vegne av Fremskrittspartiet og representanten Simonsen oversendt fra Odelstingets møte 4. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 105):
«Stortinget ber Regjeringen legge frem forslag om lovbestemt driftsstyre på alle offentlige skoler og slik at foreldrevalgte representanter har flertall.»
15. Forslag fra stortingsrepresentant Arne Sortevik på vegne av Fremskrittspartiet og representanten Simonsen oversendt fra Odelstingets møte 4. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 105):
«Stortinget ber Regjeringen legge frem ny sak med formuleringer av friskoleloven § 6-2b og § 6A-8 første ledd som forhindrer at friskoler pålegges begrensninger i driften som offentlige skoler ikke rammes av.»
16. Forslag oversendt fra Odelstingets møte 4. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 105):
«Stortinget ber Regjeringen legge frem en grundig gjennomgang av spesialundervisningens plass i norsk skole, herunder en vurdering av ressursbruk og resultater samt det statlige støttesystemets organisering og virksomhet.»
17. Forslag oversendt fra Odelstingets møte 4. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 105):
«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake med forslag om å innføre en generell rett til videregående opplæring uavhengig av alder.»
18. Forslag fra stortingsrepresentant Rolf Reikvam på vegne av Sosialistisk Venstreparti oversendt fra Odelstingets møte 4. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 104):

«Stortinget ber Regjeringen legge fram forslag til ny formålsparagraf i opplæringsloven, med utgangspunkt i formuleringene til skolegruppa under Verdikommisjonen. Forslaget må avspeile at Norge er blitt et flerkulturelt og pluralistisk samfunn, og må kunne samle bred oppslutning fra ulike tros- og livssynssamfunn.»

19. Forslag fra stortingsrepresentant Rolf Reikvam på vegne av Sosialistisk Venstreparti oversendt fra Odelstingets møte 4. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 104):
«Stortinget ber Regjeringen legge fram forslag til ny læreplan for KRL-faget til behandling i Stortinget.»
20. Forslag fra stortingsrepresentant Rolf Reikvam på vegne av Sosialistisk Venstreparti oversendt fra Odelstingets møte 4. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 104):
«Stortinget ber Regjeringen følge opp endringene i KRL-faget med endringer i fagbetegnelsen. Navnet bør gjenspeile at livssyns-, etikk- og verdispørsmål står sentralt i faget, og ikke gi kristen tro og kultur særskilt forrang.»
21. Innstilling frå sosialkomiteen om trygdeoppgjøret 2005
(Innst. S. nr. 279 (2004-2005), jf. St.prp. nr. 72 (2004-2005))
22. Innstilling frå samferdselskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Ursula Evje og Jan Simonsen om at det settes i gang strakstiltak for å fjerne 65-70 tonn kvikksølv om bord i ubåtvrak U-864 utenfor Fedje i Hordaland
(Innst. S. nr. 280 (2004-2005), jf. Dokument nr. 8:99 (2004-2005))
23. Forslag fra stortingsrepresentant Inga Marte Thorkildsen på vegne av Sosialistisk Venstreparti oversendt fra Odelstingets møte 13. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 119):
«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en avklaring av hvordan man vil forholde seg til lagring og sletting av biometriske data.»
24. Forslag fra stortingsrepresentant Magnar Lund Bergo på vegne av Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet oversendt fra Odelstingets møte 14. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 129):
«Stortinget ber Regjeringen om at det innføres en utvidet plikt til å offentliggjøre partienes inntekter 1. september i valgår.»
25. Forslag fra stortingsrepresentant Magnar Lund Bergo på vegne av Sosialistisk Venstreparti oversendt fra Odelstingets møte 14. juni 2005 (jf. Innst. O. nr. 129):
«Politiske partier kan ikke ha inntekter fra spilleautomater, dette innebærer også inntekter generert fra spilleautomater utplassert i lokaler hvor det spilles bingo.»
26. Referat

Presidenten: Representantene Rolf *Reikvam* og Finn Kristian *Marthinsen*, som har vært permittert, har igjen tatt sete.

S a k n r . 1

Innstilling fra Stortingets presidentskap om valg av medlemmer til styret for Domstoladministrasjonen (Innst. S. nr. 253 (2004-2005))

Presidenten: Ingen har bedt om ordet.

(Votering, se side 3043)

S a k n r . 2

Innstilling fra valgkomiteen om valg av medlemmer og varamedlemmer til den forberedende fullmaktskomité (Innst. S. nr. 237 (2004-2005))

Presidenten: Ingen har bedt om ordet.

(Votering, se side 3043)

S a k n r . 3

Innstilling fra kommunalkomiteen om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2006 (kommuneproposisjonen) (Innst. S. nr. 245 (2004-2005), jf. St.prp. nr. 60 (2004-2005))

Presidenten: Etter ønske fra kommunalkomiteen vil presidenten foreslå at debatten blir begrenset til 1 time og 45 minutter, og at taletiden blir fordelt slik på gruppene:

Arbeiderpartiet 25 minutter, Høyre 20 minutter, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti 15 minutter hver, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet 10 minutter hver, Venstre og Kystpartiet 5 minutter hver.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til replikkordskifte på inntil tre replikker med svar etter innlegg av hovedtalerne fra hver partigruppe og fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen innenfor den fordelte taletid.

Videre blir det foreslått at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Det anses vedtatt.

Anita Apeltun Sæle (KrF) [10:02:35] (ordfører for saka): Det er i kommunane at velferdssamfunnet vert skapt. Derfor er det viktig at kommunane får moglegheit til å utvikla det samfunnet som vi ynskjer at Noreg skal vera. Eg nektar ikkje for dei utfordringane vi står overfor, men eg ser at mykje er bra – faktisk veldig bra. Så les eg i avisa at nokre representantar er veldig nysgjerrige på kva eg skal seia i dag. Dei kan verta skuffa, men for sikkerheits skuld bør dei lytta nøye.

Først vil eg seia at eg trur på folkestyret. Eg trur at det langstrakte Noreg må ha både regionalt og lokalt folkestyre. Eg trur at dei som har skoen på, veit best kor han trykjer. Det har eg alltid trudd. Derfor meiner eg at makta og oppgåvene må flyttast ut – ut av Oslo, ut til lokalt og regionalt nivå. Eg trur på regionalmakt imot statsmakt. Eg trur at Noreg kan verta styrt betre nedanfrå enn ovanfrå. Derfor er det bra at prinsippmeldinga om det norske styrings-

(Apelthun Sæle)

og forvaltningssystemet vert handsama tidleg i neste periode. Lykke til, de som skal vera med.

Min visjon for Kommune-Noreg er vidare at A4-samfunnet vert eliminert. Eg håpar at det kommunale sjølvstyret skal vera så suverent at folkevalde og innbyggjarar kan utnytta sine komparative fortrinn utan at storsamfunnet grip inn. Eg håpar på større ulikskap, men at tryggleiken aukar – tryggleik for at ein får sjukeheims plass når ein treng det, at ein får pleie når det er naudsynt, at det er skole i nærleiken, og at post- og infrastruktur er på plass, osv. Eg håpar at vi ikkje får bruk for nye handlingsplanar og øyremerkte tilskott, men eg trur det knapt. Særleg trur eg at vi kjem til kort i forhold til eldreomsorg. Kommunane er ikkje førebudde på den eldrebølgja som begynner i 2010, og som kjem for fullt om 15 år. Eg trur faktisk at kommunane kan klara å byggja nok institusjonar og sjukeheims plassar. Vi har alt bygd einarom til 90 pst., nesten til alle som vil ha. Får kommunane fridom, prioriterer dei det viktigaste. Men realitetane kjem likevel til å innhenta oss. Dersom vi berre skal halda ved lag dagens erkjende mangelfulle omsorgsnivå for alle, må kvar tredje ungdom utdanna seg og jobba innan eldreomsorg. Det er ei utfordring.

Bondevik II-regjeringa har sørgt for at det i denne fireårsbolken er oppretta tusenvis av nye arbeidsplassar i omsorgssektoren. Helse og omsorg har hatt hovudprioritet. Samtidig har vi målbevisst arbeidd for å styrkja konkurransevna i norsk næringsliv – for dei fattiges skuld, for kommunanes skuld og for velferdas skuld. Men vi kjem til å mangla ledige hender, som eg sa, hender som kan gje omsorg, hjelp, lindring og støtte. Dette er statistikk, dette er talas klare tale. Dette er konsekvensar av ein livsstil i utakt med livslovene. Dette er resultatet av abortsamfunnet. Dette er framtidens hovudutfordring.

Det er fleire – for Kristeleg Folkeparti – viktige systemendringar som er vedtekne i inneverande stortingsperiode. Vi har endra teljetidspunktet for innbyggjartilskottet, slik at kommunar med rask vekst skal få reelt betalt for dei innbyggjarane dei faktisk har. Eg hugsar godt då Kristeleg Folkeparti, faktisk, for første gong tok dette opp for fem og eit halvt år sia. Departementet, den gongen ved Sylvia Brustad, sa at det ikkje var mogleg. No er det gjort. Vi har endra finansieringa av tunge brukarar. Eg hugsar godt alle brev og telefonar eg fekk frå ordførarar over det ganske land om dette problemet. Vi treng ein toppfinansieringsmodell, vart det sagt. No er det gjort. Vi har endra inntektssystemet for å fanga opp utgifter til rus og psykiatri. Det er umogleg, hevda fleire statsrådar, men no er det gjort. Vi har tilbakeført selskapskatten, eit programfesta krav frå Kristeleg Folkeparti og eit vedvarande krav på alle ordførarkonferansar. No er det gjort. Vi har løyst terskelproblema små kommunar fekk då dei fekk ein innbyggjar for mykje. Mange små kommunar bad om at dei måtte få ein mjukare overgang i inntektsgrunnlaget då dei gjekk frå å vera ein kommune under 3 000 innbyggjarar til å verta ein over 3 000 innbyggjarar – eit rimeleg krav, og no er det gjort. Bondevik II-regjeringa lova å auka fri-

domen og redusera øyremerking av midlar til kommunane, eit vedvarande krav frå KS. No er mykje gjort.

Er det så noko som er ugjort? Ja, så definitivt. Eg meiner at konsultasjonsordninga mellom staten og kommunane må byggjast vidare ut og gjerast meir forpliktande. Når Danmark og andre land i vår nærleik får dette til utan å mista styringa, trur eg det er mogleg også for Noreg. Det gjev kommunestyra landet rundt større moglegheiter til langsiktig planlegging.

Så er ikkje avkastingskravet, resultatet, i Kommune-Noreg tilfredsstillande. Det er betre enn på lenge, men 3 pst. er ikkje nådd. Forslaget frå Regjeringa til kommunøkonomi vil heller ikkje føra til dramatiske betringar, men trass alt litt. Men det har heller ikkje fleirtal, så langt eg kan lesa situasjonen. Eg skulle gjerne gratulera Kommune-Noreg med eit lyft i dei frie inntektene dersom avstemminga vert slik som ein skulle tru, at ein vil stemma for det som ligg nærmast eins eige opplegg etter at eige forslag har falle. Men det er ikkje nødvendigvis slik, så dette vert faktisk ein spennande dag.

Kommunane har det vanskeleg. Kristeleg Folkeparti synest det er urovekkjande at over hundre kommunar er på ROBEK-lista. Det er ikkje tilfredsstillande. Det er bra at ein del har jobba seg gjennom ei krevjande omlegging og fått kontroll på økonomien. Det går altså an. Mange kommunar har det bra. Den dramatiske rentenedgangen har betra kommuneøkonomien betrakteleg. Milliardar er sparde i kommunar med lån over det ganske land. Kommune-Noreg har over 80 milliardar kr i lån, og ein rentenedgang på 4-5 pst. betyr naturlegvis milliardinnsparingar kvart år. Det er bra.

Det er viktig å føra ein økonomisk politikk som ikkje set over styr det vi har oppnådd dei siste åra. Det er optimisme i næringslivet. Eit skatteregime som er konkurransedyktig med våre naboland, låg rente og inflasjon kan skapa klima for nyskaping og arbeid for alle. Det er også den viktigaste faktoren for å kjempa mot fattigdommen. Regjeringas skattelette har gått til bedriftene og skapt ny vekst og optimisme. Dei raude sitt mantra om skattelette til dei rike er eit bedrag.

Den økonomiske politikken til Regjeringa er faktisk ein formidabel suksess, og han må vidareførast.

Forslaget frå Regjeringa får kanskje ikkje fleirtal. Kommunane får kanskje 2,5 milliardar kr meir i frie inntekter dersom det vert fleirtal for noko som helst her i dag. Det kan dei for så vidt trenga. Dei fleste romartallsvedtaka vert også vedtekne. Mange av dei har eit fornuftig innhald, om sant skal seiast, og mange av dei slår inn opne dører. Regjeringa har alt sett i gang arbeid på området.

Eg vil berre anbefale romartall I.

På min siste dag på Stortingets talarstol – enn så lenge, får eg vel seia – trur eg nok at renta vil vera låg også til neste år. Eg trur at deflasjonen vi importerer, vil halda nede inflasjonen, og oljeprisen er jo «all time high». Noreg klarer seg nok, også med dei vedtaka som i dag vert fatta.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Reidar Sandal (A) [10:11:04]: Representanten Apelthun Sæle er ein erfaren parlamentarikar. I ei rekkje innlegg her i Stortinget har ho engasjert seg for at velferda i kommunesektoren skal få gode vilkår. Ho har poengtert at staten spelar ei sentral rolle i denne samanhengen, fordi den bestemmer rammevilkåra som kommunane skal styre ut frå.

I dag er representanten Apelthun Sæle saksordførar for kommuneproposisjonen. Ho har på den måten særleg god moglegheit til å påverke resultatet av behandlinga. Spørsmålet mitt må derfor bli: Meiner representanten Apelthun Sæle at Regjeringa sitt opplegg for kommuneøkonomien er tilfredsstillande i forhold til dei omfattande oppgåvene som kommunane og fylkeskommunane skal løyse i året som kjem?

Anita Apelthun Sæle (KrF) [10:12:25]: Kwart år eg har vore i dette stortinget, har det vore ein liten auke i kommuneøkonomien – litt meir kvart år, litt fleire oppgåver, litt meir pengar og litt større utfordringar på nokre område.

Er så dette, som eg vil presisera er ein auke på 3–4 milliardar kr i rammene og ein auke i frie inntekter på 1,3–2,3 milliardar kr – eg håpar at det vert den øvre delen av denne ramma, nemleg 2,3 milliardar kr meir til kommunane – eit tilfredsstillande budsjett? Eg trur at dersom ein ser det frå Kommune-Noreg si side, om ein er ute i kommunane, vil mange seia at nei, vi treng veldig mykje meir. Men eg trur også at det er til å leva med. Dersom vi sakte, men sikkert byggjer det velferdssamfunnet vi ynskjer, og tek det litt om senn, vil vi få ein trygg økonomi og sakte, men sikkert eit betre Velferds-Noreg.

Per Sandberg (FrP) [10:13:55]: Jeg forstår at representanten Apelthun Sæle er litt frustrert i dag. Jeg tenkte jeg skulle utfordre Kristelig Folkeparti og Apelthun Sæle i forhold til ønskene om å innlemme øremerkede tilskudd. Men jeg leser i dag i Bergens Tidende at parlamentarisk leder i Kristelig Folkeparti, Steensnæs, skylder på Fremskrittspartiet, når han sier:

«Vi ønsket en avtale om kommuneøkonomien og derfor forhandlet vi med Frp. Frp ville lukke boken. Det tar vi til etterretning, sier KrFs parlamentariske leder, Einar Steensnæs.»

Mitt spørsmål til Apelthun Sæle, som jeg har forhandlet med i 14 dager, blir: Hvem var det som lukket boken, og hvem var det som ikke ønsket å forhandle og få en avtale om kommuneøkonomien?

Anita Apelthun Sæle (KrF) [10:15:08]: Det er innlemma mange øyremerkte tilskott i kommuneøkonomien i denne perioden, fleire enn nokosinne. Det står mykje igjen for å oppnå den fridom som vi ynskjer at lokalsamfunna, dei demokratisk folkevalde og dei lokale representantane skal ha. Men det var ikkje det som var spørsmålet, dette var berre innleiinga.

Kven har skulda? Eg har ikkje lese Bergens Tidende i dag, men eg las Bergens Tidende i går. Då var eg sjølv intervjuet, og eg vart stilt det same spørsmålet. Eg håpar repre-

sentanten Per Sandberg har lese kva eg sa. Eg gjev absolutt ikkje Framstegspartiet skulda.

Karin Andersen (SV) [10:16:05]: Når landet blir rikere, er det et spørsmål om hvordan vi skal fordele rikdommen. Jeg registrerer med beklagelse at Kristelig Folkeparti har valgt feil side, og velger økt privat rikdom framfor bedre velferd. Det er også slik at Kristelig Folkeparti dessverre har valgt feil side når det gjelder privatisering og konkurranseutsetting.

Jeg vil stille et spørsmål til Kristelig Folkeparti fordi de har hatt lang tradisjon med å skjønne hva omsorg er. Omsorgens sjel springer ut av noe annet enn det en kan tallfeste på et papir og sette en pris på. Det springer ut av en sosial relasjon mellom den som trenger hjelp og den som skal hjelpe. Nå foregår det en ideologisk kamp om omsorgens sjel, og det dreier seg om konkurranseutsetting. Konkurranseutsetting medfører standardisering, prisfastsetting og telling, mens omsorgens sjel lider og går tapt i dette spillet. Hvorfor velger Kristelig Folkeparti å ødelegge det som har vært kjernen i omsorgen?

Anita Apelthun Sæle (KrF) [10:17:33]: Eg er glad for at representanten frå SV erkjenner at Kristelig Folkeparti har ein tradisjon og ei historie som gjev oss moglegheit for å skjønna kva grunnlag omsorg er bygd på. Eg er einig med representanten i at omsorg ikkje kan teljast i kroner og øre. Det er i menneskelege relasjonar omsorg skjer. Om den som har bruk for hjelp, ikkje får hjelp frå eit anna menneske, er det ikkje omsorg. Men eg er hjartelig ueinig med representanten når ho seier at offentleg omsorg er betre enn privat omsorg. Faktisk er det meste av den omsorga som vert utført i dette landet, privat. Det skjer i heimane i forhold til barn, det skjer i skulen, der nokre er offentleg tilsette og nokre er tilsette i private skular. Eg er ikkje einig i at konkurranseutsetting er noko som reduserer omsorga. Tvert imot, vi får meir omsorg igjen for pengane ved konkurranseutsetting.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Reidar Sandal (A) [10:19:08]: Rundt om i landet vårt er det mange som har stor interesse for det som skjer i den debatten som vi no fører. Først og fremst er det dei leiande folkevalde i kommunar og fylkeskommunar som vender blikket mot Stortinget og kommunalkomiteen si innstilling om kommuneøkonomien for neste år. I sin tur er dette ein debatt som i veldig stor grad handlar om vilkåra for svært mange innbyggjarar. Her drøftar vi i praksis velferda i kommunane våre. Blir det pengar nok til opplæringa for barn og unge? Kva slags eldreomsorg skal vi ha rundt om i landet? Skal ho vere på eit nivå som gir ei verdig omsorg for dei som har slite i mange år på arbeidsplassen sin, og som no treng omsorg og pleie? Eller skal kommunane skjere ned på omfanget av og kvaliteten på eldreomsorga?

Spørsmåla som her blir stilte, kan verke noko fjerne for mange på høgt politisk nivå. For barnet som ikkje får ei forsvarleg opplæring, eller for den pleietrengande kvinna som ikkje får ei tilfredsstillande omsorg, er dette harde

realitetar. Det er her i huset vi bestemmer i kva retning utviklinga skal gå. Vi avgjer kursen som skal følgjast, om dei offentlege tenestene skal vere av skikkeleg kvalitet eller ikkje.

Arbeidarpartiet vil føre ein politikk som gjer det mogleg for kommunane å vere ein krumtapp når velferdstjenester skal ytast. Kommunane skal syte for likeverdige tilbod. Det er vårt verdival. Dessutan skal kommunane vere garantisten for at velferdstilbodet blir politisk styrt, ikkje styrt av marknaden. Eit avgjerande vilkår for at så kan skje, er at økonomien i kommunane og fylkeskommunane er tilfredsstillande.

Det er eit uttrykt mål for Regjeringa å auke bruken av konkurranse i kommunesektoren. Dessutan blir det poengtert at det er eit stort uutnytta potensial i forhold til anbodskonkurranse. Regjeringa uttalar også at med den økonomiske ramma som er fastsett for 2006, vil det vere nødvendig å halde fram med omstillings- og effektiviseringsarbeid.

Arbeidarpartiet meiner at det er behov for omstilling i kommunesektoren. Dette arbeidet må drivast kontinuerleg for å gi innbyggjarane best mogleg tenester og dei tilsette eit godt arbeidsmiljø. Utviklingsarbeidet må skje i nært samarbeid med dei tilsette og deira organisasjonar. Om-sorgs- og opplæringsoppgåver skal vi ikkje sjå på som ei vare som kan setjast ut på anbod. For Arbeidarpartiet er det avgjerande at dei tilsette sine lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår ikkje må svekkjast som følgje av konkurranseutsetjing av offentlege tenester.

Eg vil poengtere at effektivisering ikkje må gå ut over kvaliteten på det tilbodet som kommunen gir. Endrings- og utviklingsarbeidet må setje søkjelyset på kvalitetsutvikling, nye samarbeidsrelasjonar, kompetanseoppbygging og produktivitetsforbetringar gjennom aktiv medverknad frå dei tilsette. Slik er Arbeidarpartiet sin politikk på dette området. Han står i klar kontrast til Regjeringa si linje, der ein einseitig fokuserer på konkurranseutsetjing og privatisering. Det finst mange eksempel på at det rammar personar som sårt treng hjelp og omsorg.

Dersom vi i dag skal ta kommunesektoren på pulsen, er det dessverre ikkje eit lysteleg bilete som teiknar seg. Kvardagen for mange kommunar er vanskeleg, til dels svært vanskeleg. Regjeringa gir ikkje noko håp om betring.

For tida er det ein økonomisk ubalanse i kommunesektoren. Det er ikkje samsvar mellom dei oppgåvene som skal løysast, og dei ressursane som blir stilte til disposisjon. Kommunenes Sentralforbund har i lengre tid påvist dette. Derfor er det sett fram krav om at det blir utarbeidd ein plan mellom staten og kommunesektoren som analyserer kva som er den faktiske situasjonen. Dette kravet har Regjeringa avvist. Framstegspartiet har gitt tilslutning til dette synet.

Arbeidarpartiet meiner at ein forpliktande plan om den økonomiske ubalansen i kommunar og fylkeskommunar må utarbeidast. Deretter må det vere ei oppgåve for Stortinget over nokre år å løyve så mykje midlar at kommunesektoren kjem ut av det økonomiske uføret som han no er oppe i. Før det skjer, blir det ikkje ro rundt denne saka.

Storingsrepresentant Apelthun Sæle har nok også innsett det, for ho har uttalt følgjande til Bergens Tidende:

«Eg utfordrar ... regjeringa til å inngå forpliktande avtale med Kommunenes Sentralforbund (KS) med sikte på å eliminera denne underdekninga.»

Bodskapen frå saksordføraren, Apelthun Sæle, har tydelegvis falle på steingrunn. Statsråd Solberg står fast på si oppfatning. Regjeringspartia og Framstegspartiet gir henne nødvendig ryggdekning.

Teknisk beregningsutvalg peikar på at underskottet i kommunesektoren for lånetransaksjonar var 12 milliardar kr ved utgangen av 2004. Det er rett nok ei lita forbetring i forhold til føregående år, men det er ei svært mager trøyst. Framlagt materiale viser nemleg at underskottet i kommunar og fylkeskommunar har vore uvanleg høgt dei siste åra. Det må Regjeringa ta det heile og fulle ansvaret for. Den økonomiske situasjonen i kommunane er blitt vesentleg forverra under regjeringa Bondevik II.

No er 26 pst. av kommunane sette under statleg tilsyn. Det fortel veldig mykje om den økonomiske tilstanden i kommunesektoren. Aldri før har talet på kommunar med tunge økonomiske problem vore så høgt. I Møre og Romsdal er 13 kommunar sette under administrasjon. I Nordland er talet faktisk like høgt. Denne saka har sjølv-sagt ei finansiell side. Men ho har så avgjort også ein demokratisk dimensjon. Konsekvensen av det som skjer, er at fylkesmannen, som er statleg byråkrat, har det avgjerande ordet når budsjett, investeringar og drift i desse kommunane skal bestemmast. Dei folkevalde, med ordføraren i spissen, må spele andrefiolin. Ordføraren er vald av folket. Det er så avgjort ikkje fylkesmannen.

Velferdstilbodet i mange kommunar er under sterkt press. Det rammar tilbodet til eldre personar som fortener ei verdig omsorg. Pengeproblema i kommunane fører også til at elevane får mangelfull opplæring. Dei elevane som har aller mest behov for støtte, rettleiing og aktiv oppfølging, blir hardast ramma. Slik er kritikverdige.

No krevst det politisk handling for å betre økonomien i kommunesektoren. Arbeidarpartiet avviser Regjeringa sitt økonomiske opplegg for kommunane og fylkeskommunane for neste år. Vi meiner at midlane til kommunesektoren må aukast vesentleg. Arbeidarpartiet foreslår at veksten i dei frie inntektene i 2006 skal setjast til 4,8 milliardar kr. Det vil gi ein vesentleg gevinst for alle kommunar og fylkeskommunar i forhold til Regjeringa sitt opplegg. Elevane kan få betre opplæring. Eldreomsorga blir av høgare kvalitet.

Det sentrale poenget for mange kommunar er dette: Den offentlege velferda er veldig vanskeleg å halde på, fordi ressursane ikkje kjem. I sin tur kan det føre til at kvaliteten på offentlege tenester blir dårlegare. Då ligg arenaen open for private løysingar. Blir kommunane svelteføra økonomisk, legg ein grunnlaget for konkurranseutsetjing og privatisering. Ein slik politikk vil Arbeidarpartiet kjempe imot. På dette området er det eit prinsipielt skilje mellom regjeringspartia og Framstegspartiet på den eine sida og Arbeidarpartiet, SV og Senterpartiet på den andre.

Arbeidarpartiet var mot å innføre ordninga med moms-kompensasjon i 2004. Etter vårt syn var dette i hovudsak

eit tiltak for å fremme privatisering. Når ordninga likevel blei innført, har vi vore opptekne av at det blir laga ei oversikt over uttrekk og kompensasjon for alle kommunar og fylkeskommunar. Dette materialet må leggjast fram for Stortinget i statsbudsjettet for 2006, når rekneskapstala ligg føre.

Arbeidarpartiet meiner at dei kommunane og fylkeskommunane som har fått for store uttrekk, må få ei tilbakeføring snarast mogleg. Tilsvarende må dei som har fått større kompensasjon enn dei skulle hatt, betale tilbake til felleskassa. Eg viser til innstillinga frå komiteen på dette punktet, der det blir teke til orde for ei «eventuell reformering» av midlane. Når det er valt ei så forsiktig formulering, er det fordi vi enno ikkje har fått tilgang til rekneskapstala. Men det finst klare indikasjonar på at ordninga ikkje har verka rettferdig, verken mellom kommunar eller mellom kommunar og fylkeskommunar. Fleirtalet i Stortinget meiner at det må ryddast opp i denne saka inneverande år. Det må Regjeringa følgje opp.

Ein del kommunar har særleg store utgifter til ressurskrevjande brukarar. Det blei innført ei ny finansieringsordning frå 2004 som la klart større plikter på staten på dette området. Det var ein rett politisk kurs. Likevel er det nok somme kommunar som har urimeleg høge utgifter på dette området. Os kommune i Hedmark og Jevnaker kommune i Oppland kan vere slike eksempel. Regjeringa må i statsbudsjettet for 2006 gi ei vurdering av ordninga for ressurskrevjande brukarar og sjå til at desse kommunane kan få ekstra skjønsmidlar for å komme best mogleg ut økonomisk.

Til slutt vil eg gjerne ta opp forslag nr. 1, frå Arbeidarpartiet.

Presidenten: Representanten Reidar Sandal har tatt opp det forslaget han refererte til.

Det blir replikkordskifte.

Arne Lyngstad (KrF) [10:29:55]: For Arbeidarpartiet er kommunesektoren en viktig leverandør av velferdstjenester, og det er en tverrpolitisk erkjennelse at det er en ubalanse mellom oppgaver og ressurser i kommunesektoren. Derfor ønsker også Kristelig Folkeparti å gi kommunene en realvekst i inntektene i årene framover.

En annen problemstilling som er knyttet til dette, er fordelingen mellom kommunene, som vil være utfordrende. Min bekymring og Kristelig Folkepartis bekymring gjelder spesielt de små kommunene, som trenger en mer differensiert politikk, en politikk som differensierer i forhold til inntekter og oppgaver i småkommunene. Vi trenger en småkommunepolitikk. Inntektene er én utfordring. En annen ting er å holde styr på utgiftene. Det har vært en generell kritikk fra kommunesektoren at de tillegges nye oppgaver uten tilstrekkelig finansiering. Det pålegger dette hus, også Arbeidarpartiet, et ansvar. (Presidenten klubber.)

Senere i dag skal vi drøfte en reform som går på skolemat.

Presidenten: Da får du fortsette da.

Arne Lyngstad (KrF): Det skal jeg gjøre. Spørsmålet mitt er: Kan Arbeidarpartiet garantere at nye oppgaver blir fullt ut kompensert?

Reidar Sandal (A) [10:31:26]: Til representanten Lyngstad vil eg gjerne seie at Arbeidarpartiet tek inn over seg den utfordringa som det er at staten pålegg kommunane mange oppgåver, og at ein ikkje alltid har vore like flink til å sende pengar med. Vi meiner at Stortinget må vere veldig klar på at når kommunesektoren får nye oppgåver, skal finansiering følgje med. Vi kjem med eit aktivt bidrag for å få det til. Det er vår politikk i tida som kjem òg.

Så snakka representanten Lyngstad om fordeling av pengar og oppgåver. Eg vil seie at det som er skuffande, er at Kristeleg Folkeparti, som verbalt har uttalt tidlegare at ein er oppteken av dette, har svikta når fordelingspolitikken har stått på dagsordenen i Stortinget i denne perioden. Eg håper at det kan bli betre tider etter kvart.

Torbjørn Andersen (FrP) [10:32:47]: Representanten Sandal og Arbeidarpartiet fortsetter i kjent stil med å spre sitt deprimerende og pessimistiske budskap om hvor aldeles galt alt er i kommunesektoren i Norge. Riktignok ser også vi i Fremskrittspartiet at det er flere ting innenfor kommunal sektor som med fordel kan forbedres. Men det får da være grenser for å pensle ut et fordreid vrangbilde av virkeligheten, slik Arbeidarpartiet dessverre har hatt for vane å gjøre i forbindelse med behandlingen av kommuneproposisjonen de senere årene.

I 2004 ble Norge kåret av FN – vel for tredje gang – til verdens beste land å bo i. Da må jeg spørre: Forstår jeg Arbeidarpartiet rett, at de mener at FN's konklusjon om at Norge er verdens beste land å bo i, er en aldeles gal konklusjon? Når jeg hører på representanten Sandals pessimistiske og sørgmodige framstilling av tingenes tilstand i norsk kommunal sektor, må det jo være slik.

Reidar Sandal (A) [10:34:10]: Eg kan roe representanten Andersen med at både mitt personlege humør og Arbeidarpartiet sitt politiske humør er godt. Eg vil seie at vi presenterer ikkje noko vrengebilete, men vi prøver å ta pulsen på kva som er situasjonen i Kommune-Noreg. Eg registrerer at dei vurderingane som eg har gitt uttrykk for her når det gjeld dei overordna utviklingstrekk, har fått tilslutning frå framstegspartipolitikarar både i kommunar og i fylkeskommunar rundt om i landet.

Så er det òg slik at Arbeidarpartiet har eit generelt samfunnskritisk syn. Det er det nødvendig å ha. Når vi ser at tendensar og utviklingstrekk i samfunnet ikkje går i riktig retning, må vi vere villige til å justere kursen. Det gjer vi. Derfor må vi satse meir pengar på velferd i kommunane og i fylkeskommunane i tida som kjem.

Karin Andersen (SV) [10:35:30]: Arbeidarpartiet, Senterpartiet og SV står sammen om svært mye i kommuneøkonomien. Vi er veldig enige om verdiprioriteringene og retningen.

Jeg vil ta fatt i noe av det som Sandal sa i sitt innlegg, nemlig at det er viktig at det blir samsvar mellom oppga-

ver og ansvar. SV er veldig opptatt av det, for historien viser, som Sandal også sjøl sier, at slik har det ikke alltid vært. Det er bakgrunnen for et av forslagene som SV fremmer i dag, nemlig at vi skal etablere et eget tilskudd knyttet til læremidler for å følge opp de nye læreplanene som blir vedtatt nå. Regjeringen har ikke kunnet forklare oss hvor mye det vil koste. Det betyr at det er vanskelig å estimere et tall. SV foreslår derfor, for å synliggjøre summen og for å kunne garantere at staten tar regningen, at vi legger dette i et øremerket tilskudd og fordeler det etter inntektssystemets prinsipper. Da blir det ingen skjevfordeling mellom kommunene. Hvorfor vil ikke Arbeiderpartiet støtte dette forslaget?

Reidar Sandal (A) [10:36:50]: Eg er einig med representanten Andersen i den beskrivinga som ho gir av forholdet mellom Arbeidarpartiet, SV og Senterpartiet. Eg er glad for at vi gir veldig sterke signal i innstillinga frå kommunalkomiteen om at vi på vesentlege punkt har ein felles politisk kurs. Det lover godt.

Når det gjeld spørsmålet om læremiddel som følgje av den endringa som skal skje i grunnskulen frå neste år, er eg, som representanten Andersen, sterkt misfornøgd med Regjeringa si handtering av den saka. Det har vore stilt ei rekkje spørsmål til Regjeringa om korleis ein tenkjer seg finansieringa, og kva som er kostnaden for 2006. Det har det ikkje vore mogleg å få klarlagt. Regjeringa gir det hovudsvaret at ein skal komme med ei avklaring i samband med budsjettet til hausten. Vi synest det vil vere greitt å ha den oversikta før vi tek endeleg stilling til korleis dette skal finansierast.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Kari Lise Holmberg (H) [10:38:13]: For Høyre er det viktig å fortsette arbeidet med å skape trygghet for hus, hjem og jobb. Vi vil sikre og skape arbeidsplasser, og vi vil styrke den enkeltes velferd. Vi ser nå i sak etter sak at Regjeringens politikk virker. Pessimismen i næringslivet er snudd til optimisme. Familieøkonomien er bedre enn på lenge. Antall husholdninger med betalingsproblemer er halvert i løpet av de to siste årene, viser SIFO-tall. Dette er det laveste tallet som er målt på 20 år.

Når de rød-grønne prater, høres det ikke slik ut. Men det er et faktum at også Kommune-Norge nyter godt av de gode tidene. Den svartmalingen som opposisjonen tidvis bedriver, skyter langt over mål, etter min mening. Kommunene har hatt den sterkeste inntektsveksten siden 1997. I 2004 var veksten på over 7 milliarder kr. I 2005 var veksten på 4 milliarder kr. Framgangen for Kommune-Norge vil fortsette også i 2006. Det økonomiske opplegget i kommuneproposisjonen innebærer en realvekst i kommunesektorens samlede inntekter på mellom 2 og 3 milliarder kr neste år.

Det vil alltid være nye ønsker og nye behov i kommunene, og fra vår side har vi lagt til rette for å imøtekomme kommunenes behov ved at vi i tillegg til inntektsveksten har økt handlingsrommet. Det historisk lave rentenivået er av svært stor betydning for en kommunesektor med

mye gjeld. Det har dessuten vært liten prisstigning, og det har vært moderat lønnsvekst. For å imøtekomme behovet for skolebygg og flere barnehager har vi lagt forholdene til rette ved gunstige låneordninger og investeringsstøtte. Av den totale investeringsrammen for skoleanlegg på 15 milliarder kr for perioden 2002–2009 er allerede 10 milliarder kr faset inn. I revidert bevilges en ny milliard. Det er i budsjettet for 2005 opprettet en tilsvarende ordning for kirkebygg. Ikke minst har vi vedtatt en skattereform som gir kommunene muligheten for økte inntekter, ved at de nå kan beholde mer av selskapsskatten selv. I sum er kommunenes handlingsrom blitt både større og mer fleksibelt.

Informasjonen om kommunesektorens virksomhet viser at 72 pst. av barna i aldersgruppen 1–5 år hadde barnehageplass i 2004. Dette tilsvarer 20 000 flere plasser enn i 2001. Antall mottakere i pleie- og omsorgstjenesten har økt noe de siste årene, og antall elever, både i grunnskolen og i den videregående skole, har økt i inneværende periode – dette mens ressursinnsatsen pr. elev har vært stabil. Kommunenes økonomiske balanse er samlet sett vesentlig sett bedre i dag enn under tidligere regjeringssjefer.

Sosialistenes svartmaling av kommuneøkonomien gjenspeiler seg heller ikke hos befolkningen. Kommuneundersøkelsene i 2003 og 2004 forteller at innbyggerne, særlig brukerne, stort sett er fornøyd med de kommunale tjenestene, og det er jo dem de kommunale tjenestene skal være til for. Dette samsvarer godt med Høyres politikk. Fokuseringen skal først og fremst være på brukernes behov og på kvaliteten på de ulike tjenestene. Hvem som utfører tjenestene, er underordnet og bør med fordel kunne konkurransenutsettes. I den grad en får mer kvalitet ut av hver krone ved å utsette tjenestene for konkurranse eller ved å effektivisere, bør det gjøres, ganske enkelt fordi det gir mer velferd for de pengene som innbyggerne betaler i skatt.

Undersøkelser viser nå at folk mener de får mer igjen for pengene enn tilfellet var for et år siden. Velferden bygges med andre ord ikke ned. Regjeringen satser da også dobbelt så mye på velferd som på skattelettelser. Ett eksempel er den statlige finansieringsordningen for særlig ressurskrevende brukere, som også Reidar Sandal nevnte i sitt innlegg. Denne ordningen medfører at innbyggere med store omsorgsbehov kan få tilfredsstillende kommunale tjenester. Kommunene dekker de første 725 000 kr. På beløp over dette dekker staten 80 pst. av kommunenes utgifter. Tidligere måtte kommunene dekke alt selv. Vi har altså i løpet av denne fireårsperioden innført en reform som har utrolig mye positivt å si, både for den enkelte, uavhengig av hvor i landet den enkelte bor, og for kommunene, som får betydelig drahjelp med statlige midler.

Det betyr mye for oss i Høyre at innbyggerne blir tilbudt likeverdige tjenester av god kvalitet og med god tilgjengelighet, tilpasset individuelle og lokale behov. Det er da også derfor vi legger opp til en politikk som styrker lokaldemokratiet og øker den kommunale handlefriheten. Det gjør vi ved å desentralisere oppgaver, myndighet og ansvar. Ved å flytte ansvar til politiske organer nærmest innbyggerne forsterkes muligheten for aktiv brukertilpassning og brukermedvirkning.

Så litt om prioriteringene innenfor de foreslåtte rammene. Innenfor veksten av de samlede inntektene for 2006 finner vi midler til barnehagesektoren. Vi finner midler til opptrappingsplanen for psykiatri. Vi finner nye læremidler i grunnskolen og frie inntekter. Mellom 1,3 og 2,3 milliarder kr av veksten i samlede inntekter vil komme som frie midler.

På ett område foreslår Regjeringen selv å utsette innlemmingen av øremerkede tilskudd. Regjeringen arbeider for at alle barn som ønsker det, skal få plass i barnehage, og dette må gå foran ytterligere reduksjon av barnehagesatsene. Det er derfor et helt riktig grep at det nå foreslås å utsette innlemmingen av øremerkede driftstilskudd og investeringstilskudd til barnehagene til 1. januar 2007, i påvente av at det oppnås full barnehagedekning. Dette vil sikre stabile og forutsigbare rammevilkår også i sluttfasen av utbyggingen, som, slik det nå ser ut, kanskje kan skje ved utgangen av 2006. I Høyre er vi opptatt av at hovedmålene i barnehageforliket opprettholdes, ikke minst av hvordan en felles, likeverdig finansiering for private og offentlige barnehager skal fungere. Dette er et område som vi fra Høyres side hele tiden vil ha i fokus.

For øvrig er vi tilfreds med at Regjeringen ønsker å fortsette å arbeide med å innlemme de øremerkede tilskuddene i kommunenes frie inntekter. Tilskudd for til sammen 57 mill. kr foreslås innlemmet i 2006 og vil bidra til at andelen frie inntekter økes innenfor den totale inntektsrammen. KS gir tydelig melding om at øremerking bør opphøre. Desto mer forunderlig er det at opposisjonen går sammen og freder øremerkingen på flere områder. Dette reduserer helt klart kommunenes handlingsrom og minsker fleksibiliteten.

En behøver ikke være spåmann eller spåkvinne for å se at vi står overfor store utfordringer de nærmeste årene. Jeg snakker da ikke bare om penger. Jeg snakker om økt konkurranse om arbeidskraft og kompetanse, større forventninger fra innbyggerne til tjenestetilbudet, den demografiske utviklingen, tilpasningen til ny teknologi og begrensede økonomiske ressurser. Særlig vil dette være utfordrende for de mange små kommunene, og det vil være avgjørende at kommunene er omstillingsvennlige og har evne til nytenkning.

Etter Høyres mening ligger løsningen i en mer robust og fremtidsrettet kommunestruktur. Mange kommuner har tatt utviklingen på alvor og fått gode resultater. Det er likevel fortsatt store forskjeller kommunene imellom. Det er derfor helt nødvendig at utviklingsarbeidet og omstillingsarbeidet fortsetter. Min avslutning var myntet på kommunenes arbeid i forhold til den økonomiske situasjon og ikke først og fremst kommunestrukturen.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Sigvald Oppebøen Hansen (A) [10:47:04]: Høgre seier at kommunesektoren skal ha gode rammevilkår. Høgre vil styrkje kommunane, både som tenesteproducentar og som ein demokratisk arena. Dette er ambisjose mål. Likevel ser me at eit stort fleirtal av kommunane kuttar i sine budsjett. Seinast denne veka såg me at Nome kommune, som

er i representanten Holmbergs eige fylke, måtte kutte 4 mill. kr. Me ser kutt i velferda. Me ser at tilsette blir sagde opp, og enkelte kommunar budsjetterer jamvel med underskot.

Representanten Holmberg skryter av realveksten i kommunesektoren. Ja, Regjeringa foreslår ein auke i frie inntekter i området 1,3–2,3 millardar kr. Dette dekkjer berre den demografiske utviklinga. Innrømmer representanten Holmberg, tidlegare ordførar i Skien, at kommunesektoren er underfinansiert, eller er representanten tilfreds med at dei fleste kommunane framleis må kutte i velferdstilbudet sitt?

Kari Lise Holmberg (H) [10:48:39]: Som jeg sa i mitt innlegg, vil kommunesektoren alltid ha utfordringer. Det vil alltid være ønsker fra og behov hos en befolkning. Det som er hovedpoenget, er at vi, uansett parti, skal jobbe for å bedre forholdene i kommunene. Det har vår regjering gjort nå gjennom fire år. Disse fire årene har vi hatt den største inntektsveksten i kommunesektoren siden 1997. De store underskuddene, ordføreroppørerne som vi så tidligere, kom under tidligere regjeringssjefers styresett – Jagland-regjeringen og andre. Da hadde kommunene store underskudd som man har dratt med seg.

Vi har nå år etter år prøvd å gjenopprette balansen, og vi ser at det blir bedre. Vi ser at forholdene i kommunesektoren er bedre, og handlingsrommet er større. Én ting er pengeoverføringen. En annen ting er økningen i handlingsrommet, og det betyr vel så mye for kommunesektoren.

Per Sandberg (FrP) [10:50:06]: Denne regjeringen har år etter år fokusert på og lagt på seg selv et mål om at lokaldemokratiet skal styrkes. Da har de brukt innlemming av øremerkede midler som et argument for at det er den eneste måten å få lokaldemokrati på, eller at kommunene skal få større beslutningsgrunnlag.

Jeg vil gjerne spørre representanten Holmberg: Hva er det nå som er igjen av øremerkede midler som skal innlemmes, som i vesentlig grad vil styrke kommunenes beslutningsgrunnlag og lokaldemokratiet? Jeg ser bort fra det som går på leirskoler og småbøløp, 10 mill. kr her og 10 mill. kr der, og barnehagene. Da vil jeg heller rette oppmerksomheten mot forslagene nr. 4, nr. 11 og nr. 12 fra Fremskrittspartiet, som virkelig ville ha styrket lokaldemokratiet, og som Høyre vil stemme imot. Hva er det nå som skal styrke lokaldemokratiet?

Kari Lise Holmberg (H) [10:51:34]: Vi har opp gjennom årene fra statlig hold fått en rekke øremerkede områder på kommunesektoren. I utgangspunktet binder det kommunen på urimelige områder. Det kan være at kommunen allerede har gjort en utmerket god jobb på et område og ikke kan få nyttiggjort seg de pengene som staten øremerker. I denne fireårsperioden har vi ønsket å oppheve og forandre på det. Vi har kommet godt i vei. På mange områder har øremerkingen blitt borte, og kommunens fleksibilitet har der blitt mye større.

Jeg kan være enig i at det ikke er de største områdene som nå står igjen, bortsett fra barnehageområdet, men vi er kommet veldig godt i vei. Men denne saken er like viktig for fremtiden. Nå har KS omsider kommet dit at de støtter Regjeringen og sier det er bra at øremerking forsvinner. Det sa man ikke tidligere. Nå er man kommet så langt, og da er det viktig at man i fremtiden ikke lager statlige reformer med øremerkede midler, for det binder kommunene.

Karin Andersen (SV) [10:52:50]: I Høyre hører man vist det man vil høre, ikke det man ikke liker å høre.

Representanten Holmberg lager nå et stort nummer av 57 mill. kr som skal innlemmes, av øremerkede tilskudd, mens hun nekter å høre på at KS faktisk ber om 4,1 milliarder kr mer for å greie oppgavene sine, for å greie å holde kvalitet, som representanten Holmberg sier. Representanten Holmberg viser til Regjeringens framlegg, der man, når man skal måle effektivitet i skolen, velger å se på karakterene i norsk, matte og engelsk mot antall undervisningstimer og setter tydeligvis det som et godt mål både på effektivitet og kvalitet.

Jeg vil spørre representanten Holmberg: Er det slik at kommunesektoren vil få et vesentlig større handlingsrom ved at disse 57 mill. kr innlemmes, enn om man hadde lyttet til KS' ønske om å få 4,1 milliarder kr mer, slik at man kunne ha gitt et kvalitetsmessig tilbud og valgfrihet, som brukerne faktisk fortjener?

Kari Lise Holmberg (H) [10:54:10]: Det er mange måter å stille spørsmål på.

Kommunene er avhengig av inntektsoverføringer, men også muligheten for handlingsrom og fleksibilitet er vesentlig for kommunene. Det er de to elementene som er helt avgjørende.

Det blir snakket om KS i denne sammenheng. Vi har i disse årene hatt konsultasjonsordninger med KS, og vi har nærmet oss hverandre. Det er jo derfor vi har hatt den store veksten i de frie inntektene de siste årene. Når KS nå ber om ytterligere milliarder og peker på behov i forhold til vedlikehold, må jeg si at vedlikehold alltid har vært kommunenes ansvar og oppgave. Vi skal også huske på at 80–90 pst. av kommunene gjør denne oppgaven helt utmerket og har prioritert det slik de skal prioritere det. Men det er noen kommuner som har forsømt vedlikeholdsansvaret sitt. Men det er og har vært en kommunal oppgave.

Det beste vi kan gjøre for kommunene, er å skape balanse, og det gjør vi med en økning på inntektssiden, men også med større handlingsrom.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Per Sandberg får nå ordet til et ordinært innlegg, på 10 minutter eller der omkring.

Per Sandberg (FrP) [10:55:42]: Takk, president. Jeg skal prøve å holde meg der omkring.

Økonomi er som regel mest i fokus når vi snakker om kommunene. Jeg er faktisk enig i mye av det som Regje-

